
Saksnr: 2020/74867-1
Saksbehandlar: Johan Julius Meyer

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.10.2020

Arbeidsutval for regulering av årsløn for fylkesrådmannen

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek å opprette eit eige arbeidsutval, jfr kommunelova § 5-7, 3.ledd, med mandat å innstille lønsregulering for fylkesrådmannen til fylkesutvalet, i samband med dei årlege lønsforhandlingane i kommunal sektor.
2. Arbeidsutvalet skal bestå av følgjande tre representantar;

1.....
2.....
3.....

Jon Askeland
Fylkesordførar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med etableringa av Vestland fylkeskommune vart det oppnemnd eit eige forhandlingsutval for fastsetjing av arbeidsavtale og årsløn for fylkesrådmannen. Dette forhandlingsutvalet bestod av fylkesordførar i Sogn og Fjordane, fylkesvaraordførar i Hordaland og ein representant (gruppeleiar) for opposisjonen.

Fylkesordføraren gjer framlegg om at det no vert oppnemnd eit eige arbeidsutval med tre representantar, jfr kommunelova § 5-7, 3.legg, med mandat å innstille på lønsregulering for fylkesrådmannen til fylkesutvalet, i samband med dei årlege lønsforhandlingane i kommunal sektor.

Det vert føreslått følgjande representantar i dette utvalet;

- fylkesordføraren,
- fylkesvaraordføraren,
- og ein gruppeleiar som representerer opposisjonen i fylkestinget.

I delegeringsreglementet til Vestland fylkeskommune har fylkesutvalet fått mynde til å godkjenne tingingar/drøftingar for fylkesrådmannen, jfr. pkt. 2.1.2.

Arbeidsutvalet må ta sikte på å legge fram innstilling til fylkesutvalet, på møte 26.november 2020.